

Kyrkjeblad for Lom

Nr. 4 2018

Høverdalen - Lom - Garmo

77. årgang



Juleandakt 2018

Det var mye mørke som omgav Jesu fødsel. Et folk var okkupert av en fremmed hersker, ei ung mor som ennå ikke var gift, ei lang reise like før fødselen, og natt over stallen der barnet ble født.

Fødselsfortellingen skinner likevel som en dyrebar skatt og er noe som mennesker fester sitt håp og sin tro til.

Julebudskapet vil oss noe!

Det vil ha oss til å stole på at nåde og sannhet finnes. Det vil at vi skal lite på at det finnes en Gud, en kraft som aldri gir opp kampen for det gode. Som ikke gir opp troen på kjærlighetens muligheter.

Det barneansiktet som lyste mot Maria og Josef er fremdeles tegn på at Guds lys er kommet nær oss og at mørket ikke kan overvinne Kristi lys. Hans kjærlige lys holder oss fast i sannhet, trøst og håp.

Det som ble til i ham, var liv, og livet var menneskenes lys.

Forunderlig og vakkert formidles det store og sanne i at lyset skinner i mørket og at mørket ikke har overvunnet det. Det sanne lys som lyser for hvert menneske, er kommet til verden. Full av nåde og sannhet. Og fred.

Dette er en julefred uten virkelighetsflukt. En jul der vi tenner våre lys i trassig tro på det sanne lyset. Lyset som gir oss mot til å kjempe og aldri slutte å stå opp for det som er rett og godt.



En velsignet julehøytid!
Biskop Solveig Fiske

LOM KYRKJEKOMMUNE

Trefftid på KYRKJEKONTORET
3. etasje på Midtgard mandag til fredag
kl. 10:00 - 14:00

Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom
Bankkonto: 2085 07 11772

LEIAR LOM KYRKJELEGE RÅD
Steinar Hov, tlf. 951 44 910
steinar.hov@gmail.com

SOKNEPREST
Einar Gelius: 906 55 838
soknepresten@lom.kommune.no

KYRKJEVERJE
Borghild Skarelsen, tlf. 481 65 527
kyrkjeverje@lom.kommune.no

FUNGERANDE TRUSOPPLÆRAR
Guri Husom, tlf 481 65 528
kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no

KYRKJELYDSSEKRETÆR
Guri Husom, tlf 481 65 528
kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no

ORGANIST, KYRKJETENAR
Terje Blakarstugun

KYRKJETENAR
Jonas Fjeld
tlf. Lom kyrkje, 61 21 16 75
kl. 10:00 – 14:00
tlf. Garmo og Bøverdalen kyrkjer,
400 62 194 kl. 10:00 – 14:00
kyrkjetenar@lom.kommune.no

BLOMEFONDET(merk "blomefond")
konto: 2085.07.11772

KYRKJEBLADET(merk "kyrkjeblad")
konto: 2085.07.11772

Bladpengar pr år:

Innanbygds:	150,-
Utanbygds	200,-
Utanlands	250,-

OMVISARTENESTA
Tlf. 97 07 53 97
booking.lomstavechurch@lom.kommune.no

KYRKJEBLAD FOR LOM
Redaksjonsgruppe: Anna Magni Larsen,
Anne Sulheim, Aud Kvamme,
kyrkjelydssekretæren og soknepresten

UTFORMING/SIDEOPPSETT
Ola Ø. Rossehaug & Guri Husom
TRYKK

Dale-Gudbrands Trykkeri as,
tlf. 61 27 73 50 lasse@dg-trykk.no

Framsdebilete: Ola Ø. Rossehaug

Presten sine tankar

«Kom til Lom» heiter det i reklamen og slagordet for Lom kommune. Men kva tyder det? Og korleis skal kommunen vera både nyskapande og gjestfri?

Eg las i avisa at det har vore samling i Lom for næringsliv og politikarar for å drøfte framtida for Lom kommune. Men diverre, framtida ser ikkje særleg ljøs ut med eit folketal som stupar og lite optimisme for handel og utvikling.

«Lom må marknadsførast betre som Lom», vart det sagt på møtet. Det nyttar ikkje med næringssej, arbeidsgrupper og møter – når ein manglar initiativ og kreativitet.

Lom har
flotte



slagord og gode visjonar – men kva hjelp er det i det, når ord ikkje vert fylgt opp med handling?

Politikarane våre masar om fleire pengar frå staten, fleire overføringar og meir tilskot, men kva kan kommunen sjølv bidra med?

Vi treng politikarar som ikkje står med lua i handa

Statlege overføringar er ikkje nok til å halde liv i ei kommune. Det er vi – folket som bur her – som må halde liv i kommunen vår! Eg er ofte forundra over at politikarane vert så rusa på statlege overføringar, at ein misser evna til å skape noko sjølve. Og moglegheitene ligg rett framfor augo våre. Vi treng ikkje fleire møter og arbeidsgrupper – no må vi ha handling og nyskapande initiativ!

For det fyrste: Gjer Lom kommune til ein attraktiv heilårs konferanse- og seminarstad. Det er for defensivt å stenge av kommunen sitt reiseliv heile vinter-halvåret. Her har vi kulturstugu, hotellkapasitet og eit mateldorado. Årleg vert det arrangert hundrevis av seminar og konferansar i Noreg. Lom kan sjølvstekt klare å verta ein heilårs konferansestad – slik Storefjell og andre har klart det. Det er kun prat om vilje og evne til å satse.

For det andre: Gjer noko med heile Loar-området – lag eit senter for diktarar og forfattarar, eit

opplevingscenter for mat og kultur, stavkyrkjesenter og lokalt kunsthåndverk og folkemusikk. Saman med Lom stavkyrkje og Norsk fjellsenter vil dette området kunne utviklast til eit nasjonalt kultursenter. Vi har ressursane – men vi ser ikkje alltid moglegheitene.

For det tredje: Vi treng politikarar som ikkje står med lua i handa – men som vil kjempe for ein flyplass i vår region. Det vil gje nye og spanande moglegheiter for vår region, som vil bety mykje for både næringslivet og turismen.

For det fjerde: Når unge familiar flyttar til vår kommune, må vi faktisk bruke tid og ressursar på dei slik at dei kan verta buande her hjå oss. Det er trist om folk føler at kommunen ikkje gjer meir for å leggja til rette for barnefamiliar som vel å flytte hit. Folk må føle seg velkomne og teke vare på når dei fyrst kjem hit.

For det femte: Kommunen må aktivt be gründarar og næringslivsfolk om å investera i arbeidsplassar og ny verksemd i regionen – ved å tilby gode rammevilkår. Vår noverande regjering har gjort mykje for å leggje til rette for næringsliv og verksemd med si skatte- og avgiftspolitik. No må kommunen gjere sitt!

Her har dykk fem råd på vegen – heilt gratis! No vert det spanande å sjå om nokon vil gripe fatt i utfordringane!

EINAR

Bakedag!

Laurdag 20. oktober kom 11 spente 5-åringar til kyrkjelydshuset for å vera med på den årlege bakedagen vår.

Det var delt inn i 3 stasjonar. Terje hadde lompebakinga, saman med ei mor som stod for steikinga. Bjørg Øyøygard baka eplekake og Oddrun hadde ansvaret for gjærdeigen, som det vart både bollar og nattverdrød av. Ungane fekk gå rundt og vera med på dei ulike tinga. Etter avslutta baking måtte det sjølvstekt smakast på baksten.

Bordet vart dekt og ungane song bordvers som dei plar å syngja i barnehagen. Foreldre og besteforeldre var og med og kosa seg med pølse og lompe, boller med ymse pålegg og eplekake, saft og kaffe til dessert. Det vart jamvel servert twist. Ein triveleg dag saman med fine ungar. Takk til alle som kom!



Konfirmanttur til Trondheim!



Laurdag morgon den 13. oktober kl. 7 reiste vi i veg til Trondheim med 29 konfirmantar. Over Dovrefjell var det hard vind, 20 m/s, men med stødig bussjåfør gjekk turen fint! Vel framme i Trondheim gjekk vi på Vitensenteret. Der fekk konfirmantane gå rundt meir på eiga hand. Her var det mykje å sjå på og dei fekk vera aktive og prøve seg på enkle forsøk. Etterpå besøkte vi Vår frue kirke. Ein som arbeider der, fortalde litt om den spesielle plassen denne kyrkja har i Trondheim. Dei legg ned eit stort arbeid for dei svakaste i samfunnet. Det gjorde eit sterkt inntrykk på ungdomane da dei såg ein av desse låg og sov i ein av kyrkjebenkane. Det er heilt greitt og eit vanleg syn i denne kyrkja. - Etterpå fekk ungdomane litt tid til å gå i butikkane. Då kvelden kom, reiste vi til Tyholt-tårnet og åt god mat på restaurant Egon.

Sundag morgon åt vi ein enkel frukost før vi reiste til Nidarosdomen for å vera med på høgmessa. Der hadde vi omvising etterpå. Konfirmantane tykte domen var imponerende og storslått! - Vi kom heimatt til Lom utpå kvelden og fekk oppleve litt av flaumen. Det var ikkje alle som kom seg heim den kvelden på grunn av uframkommelege vegar.

Tusen takk for ein fantastisk tur til alle dykk konfirmantar, og ein stor takk til Eldri Bjørnstad Kolden og Ingeborg Kjems Simonsen for at de var med og hjalp oss denne helga! Takk og til Haverstad turbiler for triveleg sjåfør og trygg skys.

Ljos vaken ved Dalsvatnet

Siste helga i august var 11- og 12-åringane i Lom og Skjåk inviterte til Ljos vaken ved Dalsvatnet. 15 trivelege ungar var med og låg i telt ved Presthytta.

Laurdag laga ungane kvar sin Kristuskrans, og etterpå fiska dei og leikte seg ute. Om eftan sette vi garn, og ungane var med og tok opp garna sundagsmorgonen. Vi fekk 25 fine fisk, som vi steikte nokre av til dugurd før messa, og det vart og servert steikt fisk frå Dalsvatnet attåt kyrkjekaffien. På messa deltok ungane med tekstlesing og to flinke jenter, Anna Bøje Kvandalsvoll og Mari Bruheim, fortalde om Kristuskransen. Sidan vêret ikkje berre var på vår side, var det godt å ha Presthytta. Der inne var det ein triveleg laurdagskveld, med kortspel og yatzy i ljaset frå peisen og stearinljosa. Kyrkjekaffien vart og servert inne i Presthytta. Vi må takke foreldra som var med; Nils Arne Flaten, Olav Bruheim Kvåle, Gro Holø og Eldri Bjørnstad Kolden. Utan desse fire hadde det ikkje vore mogleg å få gjennomført turen.



50års jubilantar



1. rad frå venstre: Randi (Turtum) Byre, Gerd Kristin (Bakken) Sæterdalen, Ragnhild Teigen, Karin Kvamme, Kari Malli (Bjørgen) Birkeland, Toril Oddny Kvehaugen, Torill Mork Smedsmo, Kari Borgny (Repp) Galde og Dagfinn Dalen.
 2. rad frå venstre: Rønnaug Helene (Odde) Brenna, Marie Aukrust, Torunn (Solbakken) Kolden, Brit Elin Slålien, Ruth Aud (Grjotheim) Spjeldnes, Eilev Brukveen, Åge Bakkeberg og Trygve Husom
 3. rad frå venstre: Terje Bakken, Torleiv Joar Stee, Asbjørn Hansen, Arne Øverli, Nils Magne Brandsar, Odd Egil Ringebo, Bjørn Teigen og Bjørner Husom.
 4. rad frå venstre: Torstein Kåre Frøise, Jan Fuglesteg, Pål Aukrust, Magnar Torgeir Kolden, Øyvind Juvstad, Odd Steinar Larsen, Jon Vestad, Arnstein Rusten, Jarleif Tore Kolden og Ola Sørhage.

Konfirmantjubiläum 1. og 2. september 2018.

Feiringa starta med at 50, 60 og 70-års konfirmantane var samla på Nordal Turistsenter laurdagskvelden 1. september, vi var 58 personar i alt. Jarmund Øyen ynskte velkomen. Det vart lese opp helsingar frå fleire jubilantar som ikkje hadde høve til å delta, og nokre tok ordet og delte minne. Arne Øverli spelte gitar og song for oss. Praten gjekk livleg utover kvelden, der vi mellom anna friska opp i minne frå skule- og konfirmasjonstida. Sundagen var vi til messe i Lomskyrkja. Etter messa var det fotografering og kaffi og mykje god kaffibite i Kyrkjelydshuset. Einar Gelius var invitert med og fortalde litt om huset. Det var fleire av oss som ikkje hadde vore i det nye Kyrkjelydshuset tidlegare, og vi sette alle stor pris på å få samlast der til avslutning av jubileumsmarkeringa.

Helsing og takk frå Jarmund Øyen, Trygve Husom, Kari Borgny Galde og Torill Mork Smedsmo.

Alle bilete er teke av Asbjørn Myrhaug

JUBILEUMS-
KONFIRMANTAR

2018

60års jubilantar



1. rad frå venstre: Haldis Reidun (Bruøygaard) Havdal, Kristin (Kvamme) Aas, Solveig (Synstnes) Kjørren, Ragnhild Aukrust Brandsar, Malmfrid (Bø) Mundhjeld, Anne Synnøve (Marstein) Jesnes, Astrid Grjotheim Juland og Ranveig Bjørgen.
 2. rad frå venstre: Anne Bruøygaard, Ole Helge Risheim, Kjell Ivar Kirkestuen, Marvin Oddvar Bakke, Jarmund Øyen, Reinold Dag Storås, Olav Magnar Bø, Olav Hansen og Hans Bø

70års jubilantar



- Frå venstre: Gudrun (Kleiven) Odde, Gudrun (Bakkeberg) Skjåk, Kjellaug (Bergheim) Teigum og Marit (Haugen) Løkken

Jul og nyttår i Lom kyrkjekommune

På Lom helseheim vert det julaftansandakt kl. 11:00. Dette er ei triveleg stund der både bebuarar, familie og tilsette er velkomne. Familiegudsteneste i Lom kyrkje kl. 15:00
1. juledag vert det to høgtidsmesser, i Bøverdalen kyrkje kl. 11:00 og i Garmo kyrkje kl 14:00. Nyttårskvelden vert det midnattsmesse i Lom kyrkje kl. 23:00
I jula vil de møte Einar, Terje og Jonas i kyrkja. Denne jula går alle offer til Kirkens Bymisjon og deira innsats for alle dei av oss som ikkje har det så bra.

Juletreffest 4. juledag

Lom kyrkjelege råd ynskjer velkomen til juletreffest på Bøverdalen samfunnshus fredag 28. desember kl. 19:30
Dette er ein fest for alle i bygda, og «uttabygdes» er sjølvsagt og hjarteleg velkomne! Programinnslag. Loddsal og servering. Gonge kring juletreet.
Inngang kr. 50,- Alle under 15 år går gratis

Julehelsing

2018 er snart historie. Eit år som starta med ei stor hending, då biskop Solveig Fiske kom til Lom og vigsla det nye kyrkjelydshuset vår. Eit hus som har vore mykje brukt, mellom anna til kyrkjekaffe, trusopplæringstiltak, konfirmantundervisning og no sist til friviljugfest. Dei ulike råd og utval, og dei tilsette har sine møte der. Dei som arbeider i omvisartenesta brukar huset på sommartid til pauserom, garderobe og lager. Under kyrkjelege handlingar er huset ope, slik at ein mellom anna kan bruke toalettet der.

Vi vil og i år seie ein hjartans takk til både dei tilsette og alle friviljuge medarbeidarar som er med på å bære arbeidet i kyrkjelydane våre. Takk til alle som bidreg til å halde kyrkjagardane våre så fine som dei er. Dei tilsette får mykje skryt frå tilreisande gjennom sumaren. Takk for eit attendelagt arbeidsår med ynskje om ei velsigna advents og julehøgtid for alle!

Beste helsing staben og Lom kyrkjelege råd.

Julekonsert med Gjeling-Ljomen

Gjeling-Ljomen inviterer til julekonsert i Garmo kyrkje torsdag 13. desember kl. 20:00. Line Kjørren, Steinar Odde og Reidar Svare tek del i konserten og set oss i julestemning. Billettar vert selde i kyrkja. Vaksne kr. 200,-/born kr. 100,- Dørene opnar kl. 19:00

Julekonsert med Lomsklangen

Lomsklangen inviterer til julekonsert i Lomskyrkja torsdag 20. desember klokka 19.30. Det vert mykje allsong av kjende julesongar. Lokale musikarar er med i konserten. Kjartan Haugen Foss, Ole Foss, Aud Gravningen Sørhage på piano og solist Ragnhild Kvåle Olstad. Vel møtt til ein stemningsfull og meningsfylt start på høgtida! Sjå elles annonsering lokalt. Billettsal ved inngangen. Vaksne kr. 150,- Born u/12 år kr.100,-

Blomefondet og Vipps

vipps

Som mange andre har og kyrkja i Lom moglegheit for å betala med Vipps. Nytt av året er at ein og kan betala seg inn i blomefondet med Vipps. Dersom du ynskjer å stå på lista, lyt du ringa det inn til "koopen" på telefonnummer 992 11 665.

Vippsnummeret er 533520

Lom kyrkjekommune på vipps:

Ofring: 132954

Blomefondet: 533520

vipps



I Lom kyrkjekommune er vi så heldige at mange stiller opp som friviljuge. Slik som å være kyrkjevert og tekstlesar i ei gudsteneste, bake kaker og koke kaffe til dugnader og kyrkjekaffe etter ei messe. Mange gav oss ei hjelpande hand med beising av kyrkjelydshuset. Vi treng hjelp på ymse trusopplæringstiltak, der har vi og nokre som stiller opp for oss. Og ikkje minst alle dei som er valde til å være medlemmar i råd og utval i kyrkja. Sondag kveld, 11. november inviterte vi alle desse til fest i kyrkjelydshuset. Rådsleiar Steinar Hov ynskte alle velkomne og takka så mykje for hjelpa gjennom fleire år. Festen starta med song av 3 jenter (bilete) frå kulturskulen med Reidar Svare på orgel. Iselin Anna Aukrust bidrog og med nydeleg solosong (har ikkje bilete). Vi hadde tinga Kristin Gjerdet Langlais til å lage maten denne kvelden. Ho serverte elggryte med elg frå Ringeby, potetstapp og salat, brød og smør til. Kjempegod mat! Marsinpankake og kaffe til dessert. Einar sa nokre ord til oss etter maten. Vi hadde jamvel besøk av gamlepresten vår, Synnøve Sakura Heggem, som og hadde nokre gode ord til oss denne kvelden.

Vi ynskjer å takke for triveleg samvær til alle som kom, og ein stor takk for hjelpa til alle som ikkje hadde høve til å være med på festen.



Friviljugfest





Garmo kyrkje

Høgt på Leitet,
midt i dalen,
kvit i leten,
synberr frå aust og vest



Orgelet i Garmo kyrkje 90 år

I jubileumsboka som kom ut i samband med 100-års jubileet i 1979, ser vi at orgelet stod ferdig den 15. september 1928. Men arbeidet med å skaffe midlar til å bygge orgelet starta lenge før den tid, og på ein heilt annan stad enn her i Garmo.

Det har heile tida vore prat om ei «amerikagåve» som vart brukt som ein del av finansieringa av orgelet. Både da dei bygde orgelet, og i 1979 visste dei lite om desse pengane. På 1920- talet var dei i starten svært usikre på om dei i det heile kunne bruke desse pengane til innkjøp av orgel.

Nå veit eg langt meir, og det på grunn av at dokumentasjonen omkring denne gåva dukka opp under ei loftsrydding i tinga etter Ragna Klæbo for 10-12 år sidan. Grunnen til at dei hadde hamna der skal eg koma attende til seinare! Men det viser seg nå at det ikkje var det fyrste soknerådet i Garmo som tok initiativet til å få nytt orgel i kyrkja, da dei på sitt fyrste møte den 1. januar i 1922 gjorde vedtak om å få orgel i kyrkja.

Nå viser det seg at det var pastor L.P. Thorkveen som på mange måtar sette i gang det heile, da han starta ein innsamlingsaksjon blant utfløtte lomværar ute på den

amerikanske prærien i midtvesten, i norske koloniar i statane Sør- og Nord Dakota, Montana, Minnesota og Wisconsin. I papira som vart funne på loftet til Ragna Klæbo var det ei detaljert liste over alle bidrag som var gjevne, skrive på det fine brevpapiret til «The Young People's League of the United Norwegian Lutheran Church of America». Dette er på mange måtar eit svært interessant historisk dokument, for det viser kvar dei utvandra hadde slått seg ned, og ein får også ein viss indikasjon på korleis kvar enkelt hadde kome seg til i sitt nye heimland.

Kvar enkelt ga vel etter kva dei syntes dei hadde råd til, og sjølv om det ikkje er dei store skilnadene, så gjev det nok ein viss indikasjon. Gåvene varierte frå ½ dollar til 10 dollar. Dei to som ga 10 dollar var Pastor L.P. Thorkveen og Erik Jacobsen Garmosødegård. Erik hadde vore lenge i sitt nye heimland, då han utvandra alt i 1873. Han slo seg ned i Souix Valley i Sør-Dakota, eit område som vart rekna for å vera av dei beste i heile midtvesten for jordbruksdrift. På husmannsplassen Garmosøygard levde han som såkalla innleigd. Berre dei som var på legd var lenger nede på den sosiale rangstigen enn ein

innleigd på husmannsplassar. I sitt nye heimland fekk han utviklingsmoglegheiter og han vart etter kvart kalla for «Erik den rike». Barnebarnet til Erik fekk i 1939 Nobelprisen i fysikk, og hans namn var Earnest O. Lawrence og han var professor ved University of Berekley i California. Earnest etterlet seg tre store forskingsinstitusjonar som ber hans namn, og i dag har desse «minnesmerka» til saman ca. 12.000 tilsette. Ingen andre norskætta har ståande tilsvarende, levande minnesmerke etter seg i U.S.A. - eller andre stader i verda for den del.

I alle år har det vore oppfatninga at det var folk som hadde utvandra frå Garmo som hadde gjeve til det formålet å skaffe orgel i Garmoskyrkja. Dette stemmer berre til ein viss grad, for det viser seg nå at det var folk



Dette er armen som «bælgetræderen» opererte. For å få luft til orgelet måtte denne armen hevast opp og ytast ned. Bælgetræderen var nesten like viktig som organisten. Nå er bælgetræderen erstatta av ei elektrisk vifte!




både med opphav frå Nørdre Lia, hovudsoknet og frå Bøverdalen som støtta opp om dette. Det er også nokre frå Tessanden, og det har nok si forklaring i at ein del tessandingar hadde tradisjon for å gå til kyrkje i Garmo. Det er 164 innbetalingar på lista, men det er ein god del fleire personar involvert, for når det gjeld ein del karar, står det m/ hustru, eller andre kan ha med barn og liknande. Eg vil nok tru at godt og vel 180 personar, busette på den amerikanske prærien, har vore med å gjeve ei gåve til orgel i Garmoskyrkja. Innsamlingsaksjonen vart avslutta i 1919. Den 4. april har L.P. Thorekveen signert det dokumentet som syner kva som kom inn. Sluttsummen lyder på 357,50 dollar. I tillegg kom renter på 11,10 dollar, og totalt vart det då 368,60 dollar. På toppen av dokumentet står det slik: «Fortegnelse over bidragsytere til orgelfond for Garmoe kirke i Loms prestegjeld, Gudbrandsdalen, Norge» I sluttoppgjøret skriver Thorekveen at pengane er sendt i veksle til Lom og Skjåk sparebank og «utgjør etter dagens kurs kr. 1402,60». I nokre brev som låg ved dette dokumentet ser ein at dette ikkje stemmer heilt. Rett etter 1. verdskrig var den amerikanske dollaren svært svak i forhold til den norske krona. Torgeir H. Garmo på Fossheim var Thorekveen sin kontaktperson i Lom, og Torgeir hadde fått det rådet frå banken i Lom at dei burde vente ei stund med å sende

pengane for å sjå om kursen endra seg. Dei venta nesten to år, og da hadde kursen endra seg så mykje at det som i 1919 var verd 1402 kroner vart til kr. 1727,-. Orgelet vart ikkje kjøpt før i 1928, og da hadde summen pluss påkomne renter auka og hadde blitt nær 2000 kroner. Det er her vi finn forklaringa på at dokumentasjonen og korrespondansen om desse midlane hadde funnest att hjå Ragna Klæbo. Dokumentasjonen hadde gått til Torgeir på Fossheim, som hadde all kontakt med Thorkveen, og Torgeir var far til Ragna. Ho hadde heldigvis sett ein verdi i desse papira og teke vare på dei. Vi er Ragna ein stor takk skuldig for det!


Det skulle ta fire år etter at soknerådet gjorde sitt vedtak i 1922 om å få orgel i kyrkja før det skjedde meir frå deira side. I 1926 valde soknerådet ei nemnd som sulle førebu orgelkjøp, skaffe pengar og få greie på kostnadane. Georg Sole, Torstein T. Garmo og Eilev Stasviken (Nyrnes) fekk den store oppgåva som dette var. Dei to neste åra må det ha vore jobba hard og godt: nemnda hadde i jula 1927 fått eit pristilbod på kr. 5000,- for nytt orgel frå orgelbyggjar J. H. Jørgensen i Oslo. Soknerådet gjorde vedtak om at den prisen kunne akseptast, og 30. april 1928 vart kontrakta signert, med levering 15. september same år. Nøyaktig kva dato det stod ferdig til bruk veit vi ingenting om, men det er truleg at det var hausten 1928. Det er heilt utruleg at dei greidde å samle inn litt over 3000 kroner

i grenda til dette føremålet, i ei tid da folk nesten ikkje hadde inntekter. I ei rekneskapsbok etter bestefar min som dekkjer åra 1921 til og med 1929 ser eg dette svart på kvitt. På gardane hadde dei nesten ikkje inntekter, men ein del utgifter var det, naturleg nok. Bestefar var i den situasjonen at kona hans var lærar, og han har tatt med lærarløna hennar i sitt rekneskap: det er så avgjort hennar løn som gjorde at dei gjekk i pluss. Eg kan og bruke lærarløna til bestemor mi for å prøve å vise kva for verdi både gåva frå utfløtte lømværar og dei 3000 kronene som vart innsamla i grenda hadde, sett i forhold til ei lærarløn den gongen. I 1926 hadde bestemor ei grunnløn på 816 kroner, og med eit tillegg på 600 kr. vart det ei total løn på 1416 kroner. For å tene ein sum tilsvarende amerikagåva måtte ein ha jobba 1,4 årsverk som lærar her i landet. Tilsvarende, for å tene den summen som vart innsamla i grenda måtte ein ha jobba 2,12 årsverk som lærar. Da kan kvar og ein stille det litt opp mot verdien dette ville hatt i dag. Men ei direkte samanlikning les seg ikkje gjera – til det er forholda for ulike. Det er ein godt oppegående jublant vi markerer i desse dagar. Det er også litt interessant at det er svært få orgel av denne typen igjen i norske kyrkjer. Orgelet har ein varm og fin klang og er godt tilpassa det lokale det er ein naturleg del av.

Torstein K. Garmo/Lom heimbygdslag



Orgelet som denne hausten fyller 90 år. Det er eit såkalla Jørgensen-orgel, og det er svært få igjen av denne typen orgel i norske kyrkjer. Dekorasjonane i fyllingane på fronten av galleriet er laga av Reidar Nyrnes, og tek utgangspunkt i symbola for «tro, håp og kjærlighet».



Her har Jakob og Ola Byre skore inn sine namne på baksida av altartavla da den stod ferdig i 1880. Jakob f. 1828 d. 1898 Ola f. 1835 d. 1914. Dei vart kalla «Byrnikkarane» Nedanfor ser du krusifiks og ljoskrone laga av Reidar Nyrnes.







↑ Korbogen laga av Syver Nilsen Byre f. 1793 d. 1850 Han vart kalla «Byrsnikkeren», og var far til dei to som laga altertavla. Denne korbogen er det eianste av fast inventar som er med frå den gamle kyrkja vår. Den vart gjeven som gåve til gamlekyrkja av brukaren på Uppigard Garmo, Syver i 1828. Da kyrkja vart riven i 1880 henta folket på Uppigard heim gáva si, og den vart teken vare på i 58 år på Uppigard, fram til ein ny Syver på Uppigard (betre kjent som Sjugurd) på nytt ga den som gåve til den nye kyrkja i 1938 – 110 år etter den fyrste gong vart gjeven bort. Byrsnikkeren har i alle fall gjort eit framifrå arbeid her. Englane på sida av den er laga av ein mester frå vår tid, kan vi vel si – Reidar Nyrnes.



Preikestolen i Garmoskyrkja er rekna for å vera eit mesterverk, av slike som verkeleg har innsikt i flott treskjærararbeid. Ingen av felta på denne preikstolen er like. Det er også spesielt at skurden er trekvit. Dette er mesterverket til Reidar Nyrnes.



Heim og ætt

Døpte:

Lom:

07.10 Frøya Haugom Repp
07.10 Trym Haugom Repp

Vigsel:

Garmo:

01.09 Hege Therese Hole og Amund Solbakken

Lom:

08.09 Eva Rusten og Ole Martin Bårdseng
22.09 Anette Ravlo og Christian Larsson Fossen □ Oslo(vigde i Gjendebu)
04.10 Monica Andrea Maureira og Erik Moen □ Hamresanden

Jordfesta:

Lom:

13.10 Steinar Jens Angard f.1944
02.11 Astrid Magnhild Austin f.1939
06.11 Ragnhild Kolden f. 1931
09.11 Arve Sveine f. 1946
13.11 Ivar Aasen f. 1940



Om kyrkjebladet




Kyrkjeblad for Lom vert sendt ut til alle husstandar i kyrkjekommunen. Bladet kjem ut med fire nummer i året. Ein gong i året vil de finna giro vedlagt for bladpengar. **Ikkje gløym å skriva inn namn og adresse når du betalar.**

Har du gløymt å betala inn? Vi set stor pris på om de betalar inn snøggast råd!

Vi ynskjer å takke kvar einskild som har støtta bladet dette året og oppmodar alle heimar om å støtte kyrkjebladet for Lom. Vi set og stor pris på at mange utanbygdes abonnentar på bladet!

Frist for innsending av stoff til neste kyrkjeblad er 10. februar 2019!

Julegåvetips frå kyrkjekontoret:



Kyrkjekontoret i Lom sel tri bøker: **Bøverdalen kyrkje 150 år 1864-2014**, **Garmo kyrkje og sokn**, og **Lom Stavkirke**. Bøkene er utgjeve av Lom kyrkjelege råd, og kostar **kr. 150,- pr. stk.** no i adventstida.

Vi minner om at varmeomnane i kyrkjene er på. Omnane er særst varme, pass på at de ikkje kjem borti dei med klede eller sko. Elles minner vi om at de ikkje må pynta ved kyrkjegardane med levande ljøs/open flamme.



Glimt frå tidlegare årgangar



Sirupsnipper, engler og gjetere

av biskop Rosemarie Køhn

Vi baker sirupsnipper. Det er et alvorlig foretagede for en femåring og hans tante. «Kona til oldefar er blitt engel,» sier han plutselig midt i en lang rekke av kakemenn med mandel på magen.

«Hva er det du sier?» sier jeg og vokter på at snippene skal få den rette gyldne fargen.

«Kona til oldefar er blitt en engel,» gjentar han høyere og mer intenst. «Ja – ja så,» svarer jeg unnvikende. Hvor i all verden har han slike tanker fra? Den type teologi har han hverken hjemmefra eller fra sin tante. Vi holder oss til bekjennelsen og tror på legemets oppstandelse. Engler er jo heller ikke noe dagligdags fenomen eller samtaleemne innen vårt verdensbilde.

I Bibelen er det mange fortellinger om engler både i Det gamle og i Det nye testamente. Den vakreste av dem finner vi vel i juleevangeliet hos Lukas:

«Det var noen gjetere der i nærheten som holdt nattevakt over sauene sine. Med ett sto en Herrens engel foran dem. De ble meget forferdet... «Frykt ikke!» Jeg kommer med bud om en stor glede: I dag er det født dere en frelser. Og dette skal dere ha til tegn: Dere skal finne et barn som er svøpt og ligger i en krybbe.» Med ett var engelen omgitt av en himmelsk hærskar som lovpriiste Gud og sang...»

Her opptre englene som formidlere av et guddommelig budskap, og selve ordet engel betyr jo rett og slett budbærer. Men det oppsiktsvekkende i juleevangeliet er ikke englene i og for seg. De var en naturlig del av datidens verdensbilde. Det oppsiktsvekkende i denne sammenheng er at de henvender seg til gjetere med sitt budskap.

Sosialt og religiøst utgjorde de en såkalt lavstatusgruppe i sin tid. Enkelte forskere hevder at de også var en foraktet yrkesgruppe i det palestinske samfunn på Jesu tid på linje med tollerne. På linje med tollerne kunne de mistenkes for å lure sine «varer», og det er også belegg for dette i utenom-bibelske skrifter. I så fall passer gjeterne godt inn i det persongalleri Jesus omgir seg med: mennesker som hadde sporet av i forhold til Loven, fattige mennesker, syke og fortvilte mennesker, lite troende mennesker, mennesker hvis synd og skyld var større enn de kunne bære. Tollere og syndere» ser som kjent Lukas' karakteristik.

I det gamle testamente heter det om den dagen da Gud skal gripe inn til dom og frelse: «Se, full av gru kommer Herrens dag med harme og full av brennende vrede, den skal legge jorden øde og utrydde synderne der». (Jes. 13.9). Dette er tanker og forestillinger vi møter igjen i jødedommen på Jesu tid. Vi siterer fra en salme, som delvis er formet som en bønn for fremtidskongen, for Messias:

«Se til, Herre, og oppreis for dem deres konge,

Davids sønn, på det tidspunkt som du har forutsett, Gud, til å herske over Israel, og omgjord han med styrke til å knuse de urettferdige fyrster, til å rense Jerusalem for hedninger, til i visdom og i rettferdighet å støte bort syndere fra arven, til å knuse syndernes hovmot som pottemakerens kar, ... til å utrydde syndere ved ordets makt». (Salomos salme 17, Apokryfene).

Så kom Jesus i Guds navn og samlet om seg alle slags syndere, de som ikke klarte å overholde Guds bud og forordninger, de som ikke mestret livet sitt og som av andre ble definert som urene. Og han sa: Guds rike hører dere til! Dere er en frelser født!

Jesus ga disse menneskene tro, håp og kjærlighet. Ja, han ga dem rett og slett rett til å håpe på Gud, en rett som var tatt fra dem av fromme medjører. Vi må her ha i bakhodet at sykdom og fattigdom av mange på den tid ble sett på som Guds forbannelse, som en straff fra Gud for synd og skyld. Dette avviste Jesus. Han ga kjærlighet til dem som forventet dom og straff. Han ga dem fellesskap og tilhørighet, tilgivelse. Han var med andre ord en annerledes Messias enn de fleste forventet den gangen.

Så har også vi rett til å håpe på Gud. Vi som ikke får til livet slik som vi skulle, eller dette med troen. Vi som kjenner smerten når vi ser oss tilbake og angst når vi ser framover. Vi som er rammet av sykdom og død. Julen og Jesus betyr at vi aldri er utenfor Guds muligheter til nyskapelse.

«Kona til oldefar er hos Gud,» sier jeg for å bringe femåringens teologi litt mer i pakt med tiden og med rett lære uten å vikle meg inn i for sterke fantasier og spørsmål om grav, jord og legemet i jorden. «For hun er en engel så!» brøler femåringen og slår i bordet så brettet med de ny-stekte sirupsnippene hopper. Jeg gir opp. Englene sjenerer tydeligvis ikke hans verdensbilde. Kanskje er det hans måte å besvare tryggheten på, hans måte å gripe det ubegripelige på.

Engler, og ikke engler. Julen handler om at Gud ble menneske i en snekker – og ikke i en prest eller skriftlærd. At Guds Messias ble født i en stall – og ikke i det kongelige slott eller på det hellige sted. At han omgav seg med syndere – og ikke med rettferdige og fromme. Det gir grunn til undring og ettertanke. Han kvalifiserer verden på ny som sin verden, sier en tysk teolog. For forstanden er dette et ufattelig mysterium. Troen istemmer englenes lovsang: Ære være Gud i det høyeste!

GLEDELIG JUL!
Rosemarie Køhn

I samband med at det i år er 25 år sidan Rosemarie Køhn vart innsett som biskop i Hamar bispedømme, ynskjer vi å heidre ho med julehelsinga som stod på trykk i kyrkjebladet i Lom i 1993

GUDSTENESTEPLAN

Jf. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i Lom kyrkjekommune, er det som regel messe i Skjåk kyrkjekommune – og omvendt. Sjå meir informasjon under messeplanen. **Barnedåp let seg gjere på dei fleste messene våre.**

Sundag 02.12. 1. sundag i adventstida
LOM KYRKJE kl. 15:00. Ljosmesse med barnedåp.
Konfirmanter tek del i messa. Offer til Frelsesarmeen.
Fakkeltog på Bergje etter messa. Julegrantenning.

Sundag 2.12. 1. sundag i adventstida.
GARMO KYRKJE kl. 18:00. Ljosmesse. Konfirmanter
tek del i messa. Offer til Frelsesarmeen.

Sundag 9.12. 2. sundag i adventstida.
BØVERDAL KYRKJE kl. 15:00. Ljosmesse.
Konfirmanter tek del i messa.
Offer til Frelsesarmeen.. Merk tida!

Måndag 17.12.
LOM KYRKJE kl. 09:10. Skulegudsteneste.

Sundag 24.12.
LOM HELSEHEIM kl. 11:00. Julaftansandakt.

Sundag 24.12.
LOM KYRKJE kl. 15:00. familiegudsteneste. Offer til
Kirkens bymisjon.

Måndag 25.12.
Bøverdalen kyrkje kl. 11:00. Juledag. Offer til Kirkens
bymisjon.
Garmo kyrkje kl. 14:00. Juledag. Offer til Kirkens
bymisjon.

Sundag 31.12.
LOM KYRKJE kl. 23:00. Nyårsmesse.

Atterhald om endringar i gudstenesteplanen: Sjå fast annonse i Fjuken, i kalenderen hjå lom.kommune.no og på heimesida vår: lom.kommune.no/lom-kommune/tenester/kultur-idrett-og-fritid/kyrkja, eller følg oss på Facebook: Lom Kyrkjekommune. Messer i Skjåk kyrkjekommune finn du her: <http://skjaak.kirken.no/>

Einar Gelius har studiepermisjon i januar. Det vert difor berre ei messe i Lom, men vi er hjarteleg velkomne til messe i kyrkjene i Skjåk.

Sundag 06.01.
NORDBERG KYRKJE kl. 11:00.

Tysdag 08.01. Merk dagen.
SKJÅK KYRKJE kl. 19:00. Trafikkulykke-markering

Sundag 20.01
LOM KYRKJELYDSHUS kl. 11:00. Merk staden!

Sundag 27.01.
SKJÅK KYRKJE kl. 11:00.

Sundag 03.02.
LOM KYRKJE kl. 11:00. Messe med barnedåp
BØVERDALEN SAMFUNNSHUS kl. 14:00 Merk staden!

Sundag 10.02
Konfirmanntur til Lillehammer.

Sundag 24.02.
SKOGHEIM KAFE, i Garmo kl. 11:00. Merk staden!

Onsdag 27.02
LOM HELSEHEIM Kvardagsmesse kl. 11:00



PÅ FLUKT: Vesle Farah Abdi bur i eit telt i flyktningleiren Jilab 3 i Puntland. Her med mamma Nuru og storesyskena Muhobo (3), Mohamud (4), Ahmed (5), Mohamed (7) og Fadumo (8). Foto: Håvard Bjelland/Kirkens Nødhjelp.

Eit barn er fødd i Somalia, der tørke tek liv og sender folk på flukt. Kirkens Nødhjelp er på plass med reint vatn og anna naudhjelp. Årets viktigaste julegåve kan redde liv.

Familien til vesle Farah Abdi levde eit enkelt, men godt nomadeliv langt ute i den golde somaliske ørkenen. Fire år med samanhengande tørke har teke frå dei alt, unntatt håpet. – Eg kan ikkje anna enn å be om at Gud held ei hand over barna mine, seier seksbarnsmora Nuru.

Det er trøgt inni det glovarme teltet. Nuru Xirsi Elmi Farah stryk dottera Farah Abdi forsiktig over panna. Tre storebrør på fire, fem og sju, kikkar på den fire veker gamle veslesystera si. Elles rører dei seg knapt, og blikka er tunge og sorgtunge. Leik og latter er heilt fråverande.

To millionar på flukt

– Me hadde 70 geiter, og levde eit godt liv. Om ikkje mykje, hadde vi det vi trengte for å klare oss, seier Nuru. Men så fortel ho om vendepunktet, og kallar dei fire siste åra for «ulukka». Dei fire siste åra har store delar av Somalia knapt fått regn. Det øydelegg

jordbruk og husdyrhald, som er levebrødet for millionar av menneske i det brunsvide landet på Afrikas Horn. 5,4 millionar er avhengige av hjelp. 1.2 millionar born er sterkt underernærte, og meir enn 2 millionar er på flukt frå tørke, men også konflikt. Kirkens Nødhjelp syt for reint og trygt drikkevatt i mange av dei hardast ramma områda. Som her i flyktningleiren Jilab 3 i Garowe, provinshovudstaden i Puntland.

Døde utan vatn

– Alle dyra våre døde, vi hadde ikkje vatn eller mat å gi til borna våre. Vi var nøydd til å flykte, og enda opp i denne leiren for snart eitt år sidan. Vi kom hit til fots. 60 kilometer i steikande varme. På slutten besvimte eitt av borna mine, og vi måtte ha hjelp det siste stykket. Her i leiren får vi i det minste alt vi treng av vatn. Utan det hadde vi ikkje klart oss. Då hadde vi vore døde saman med geitene våre ute i ørkenen, seier Nuru.

I dag sender ho sju år gamle Mohamed ut etter vatn. Det kjem frå Kirkens Nødhjelps borehol som er fleire hundre meter djupt.

Kan ikkje gjere opp

Ektemannen er i byen for å prøve å tene nokre få slantar, og alle må hjelpe til for at mor skal få tid og litt ro med sin nesten nyfødde dotter. – Eg håper vi ein dag kan vende tilbake til livet vi hadde, til eit normalt liv der vi klarer oss sjølve og ikkje er nøydd til å tigge for å overleve. Vi har ingenting, men kan ikkje gi opp håpet. Og eg kan lite anna enn å be om at Gud held ei hand over borna mine. Dei er det kjæraste eg har i livet. Og med Guds vilje skal ingen få ta dei frå meg. Framleis manglar eitt av ni menneske i verda tilgang til reint vatn. Med ei julegåve på 200 kroner til Kirkens Nødhjelps juleaksjon kan du sikre reint vatn til eitt menneske. Reint vatn reddar liv og forandrar liv.

Slik gir du årets viktigaste julegåve:

- Vipps eit valfritt beløp til 2426
- Send GAVE på SMS til 2426 og gi 200 kroner
- Gavekonto: 1594.22.87248



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Ensomheten tar ikke ferie.

GI EN SAMTALE TIL EN
SOM TRENGER DET.

Send sms **ALLTID3** til **2160 (150,-)**

Kontonummer: 7011 05 20067



Juleevangeliet

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var fyrste gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet. Josef òg fór frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han hørde til Davids hus og ætt, og skulle skriva seg der. Maria, festarmøya hans, var med han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den fyrstefødde; ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje rom åt dei i herberget.

Det var nokre gjætarar der i grannelaget, som låg ute og vakta sauene sine om natta. Best det var, stod ein engel frå Herren framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei fælende redde. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede som skal timast alt folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by; han er Kristus, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og kvad:

«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske som Gud har hugnad i!»

Då englane hadde fare frå dei og attende til himmelen, sa gjætarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, og som Herren har kunngjort oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som hørde på, undra seg over det gjætarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjarta sitt og grunda på det. 20 Og gjætarane vende attende, medan dei lova og prisa Gud for det dei hadde høyrte og sett; alt var så som det hadde vorte sagt dei.

(Luk.2.1-20)

Ungdommens kulturmønstring!

Likar du å danse? Eller kanskje du malar fine bilete? Spelar du eit instrument eller er du glad i å fotografer? Turnar du på fritida eller er du flink til å bearbejde? Teiknar du? Eller kanskje du vil prøve deg som scenearbeidar, tekniskar eller konferansier? Da er UKM noko for deg.

Kvar og når?
Otta Kulturhus 15.-16. Feb. 19

Kven?
Alle ungdommar mellom 10 og 20 år kan delta på UKM.
Kommunekontakt for Lom
Endre Skjåk, 901 35 738,
endre.skjåk@gmail.com

INFORMASJON OM ERGOTERAPI I LOM KOMMUNE FRÅ 01.01.2019

Ergoterapeut Ingunn Folden Grundetjern sluttar i Lom kommune i slutten av november-2018.
Med etterhald om politisk godkjenning (budsjettertvedtak for 2019) vil det frå 01.01.2019 bli samarbeid med Skjåk kommune på ergoterapiområdet.
Karin Aune Ulen vil da ta seg av alt med hjelpemiddel i Lom. Ho vil også vera syns- og hørselskontakt. Ho vil vera i Lom annan kvar tysdag (veker med partal) og kvar

torsdag og kan treffast på telefon 91 16 37 18. Ho har epostadresse karin.aune.ulen@skjask.kommune.no Britt Elin(Bitte) Fossøy vil bistå Lom kommune med ergoterapioppgåver kvar onsdag.
Ho kan treffast på tlf. 91 16 37 18 og har epostadresse britt.fossøy@skjask.kommune.no
Karin og Bitte vil også i perioden frå Ingunn sluttar og fram til nyttar bistå Lom kommune med naudsynne oppgåver innanfor hjelpemiddel/ergoterapi.

Invitasjon til julekaffi

Pleie og omsorg inviterer tidlegare kollegaer som er pensjonistar og kollegaer som er i sjukefråver til julekaffi på storstugu, Lom helseheim, **fredag 7. desember kl. 11.30-13.00.**
Det blir servert kaffi og marsipankake! Velkomen til ei triveleg førjulstund! Helsing tilsette i pleie og omsorg i Lom



Nye gateljos i Lom kommune!
Arbeidet med å setja opp nye gateljos i Lom kommune er no i gang!
I skrivande stund er arbeidet med å byta ut gateljos i Lom kommune i gang, noko som er særst gledeleg. I samband med arbeidet med utskifting, oppgradering og nyanlegg gateljos kan dette medføra at det blir enkelte straumutkoplingar av anlegg.

Bufdir lyser ut midlar til inkludering av barn i laginntektsfamiljar.
Bufdir lyser ut midlar til inkludering av barn i laginntektsfamiljar.
Målet med tilskotsordninga er å motverke og/eller dempe konsekvensane av fattigdom blant barn og ungdom.
Meir info: bufdir.no

Lom kommune på facebook: facebook.com/lomkommune

Lomsnytt

Informasjon frå Lom kommune - nr. 4 2018



Telefon: 61 21 73 00
post@lom.kommune.no
lom.kommune.no

Lom kommune
Sognefjellsvegen 6
2686 Lom
Telefon: 61 21 73 00